



Notat til orientering

Til: Hovudutval for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren

Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016 – 2017

Oppfølging av fylkesutvalet sitt vedtak i 18/2015 – «*Vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane - arbeid med nytt mål- og strategidokument*».

I vedtaket frå fylkesutvalet står det følgjande:

1. *Mål og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 - 2015 "God – betre – best!" vert prolongert med to år.*
2. *Det vert utarbeidd eit nytt handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016 – 2017. Handlingsprogrammet skal vere basert på prolongert mål- og strategidokument, med tilpassing opp mot prioriterte område i målekartet for opplæringssektoren.*
3. *Nytt handlingsprogram vert lagt fram for hovudutval for opplæring i november 2015.*

Vidare vert det vist til saksutgreiinga i sak HO sak 23/15 – «Strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane – kvalitet og gjennomføring». Her står det mellom anna i saksutgreiinga:

«I tillegg til den overordna utfordringa med overgangen mellom skule og bedrift er det ei rekkje utfordringar innanfor fag- og yrkesopplæringa det blir arbeidd med. Dette gjeld m.a.

- *auka samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og arbeids- og næringsliv*
- *kvalifiseringa av elevane for neste trinn i opplæringa*
- *tidleg formidling av søkjarar til opplæring i bedrift*
- *ansvarleggjering av søkjarane til opplæring i bedrift – dei må arbeide aktivt med å skaffe seg læreplass*
- *å redusere talet elevar som vel påbygging til generell studiekompetanse etter vg2 i skule*
- *betra karriere- og yrkesrettleiing*

Desse utfordringane vil fylkesdirektøren arbeide vidare med. Utfordringane vil bli del av grunnlaget for sak til fagopplæringsnemnda om satsingar for fag- og yrkesopplæringa 2016-2019 og til sak til hovudutvalet for opplæring om utarbeiding av nytt handlingsprogram for oppfølging av mål- og strategidokumentet «God-betre-best!» for 2016-2018».



I vedtak i fylkesutval sak 109/15 – «Val av medlemmer til nemnder o.a. - valperioden 2015 – 2019». I vedtaket står det følgjande om val av representantar til fagopplæringsnemnda

«FAGOPPLÆRINGSNEMNDA

Fylkesutvalet syner til innspel frå NHO og LO om ny organisering av Fagopplæringsnemnda. Valet vert utsett til eventuell ny organisering er vurdert».

Fagopplæringsnemnda er ein viktig part i arbeidet med eit nytt handlingsprogram. Fylkesrådmannen vil legge fram sak til fylkesutvalet 7. desember 2015 om ei eventuell ny organisering av Fagopplæringsnemnda.

Fylkesdirektør for opplæring vil legge til rette for at satsingane for fag- og yrkesopplæringa og handlingsprogram for oppfølging av mål- og strategidokumentet «God-betre-best!» for 2016-2018», vert sett i samanheng. Fylkesdirektøren vil legge fram sak om dette for hovudutval for opplæring i februar 2016 .